

Inntaksreglement internat, Sygna vgs

Sygna vidaregåande skule er ein kristen friskule med godkjenning etter friskulelova. Skulen har eit eige reglement for inntak til skule. Denne delen omhandlar difor berre inntak til internat.

1. Generelt om inntak til internat

- a Elevar som ikkje bur heime skal som hovudregel bu i internatet.
- b Det er ein føresetnad for opptak at eleven vil rette seg etter skulen sitt internatreglement.
- c Inntaket skjer ved ei inntaksnemnd som består av rektor, inspektørane og rådgjevar.

2. Søknad om internatplass

Vi viser til søknadsskjema til skule. Søkjaren må her krysse av på om han/ho ønskjer internatplass. Alternativt må eleven bu heime eller søke om fritak for buplikt i internat. Søknadsfristen er den same som ved inntak til skule.

3. Ein elev kan misse retten til internatplass dersom:

- a Eleven har over 30 internatprikkar.
Disiplinærnemnda kan i særlege tilfelle ta frå ein elev rett til å halda fram som internatbuar.
Dette kan også medføre at eleven ikkje får internatplass det neste/dei neste skuleåra.
- b Søkjarar er over 20 år ved førstegongs inntak.
- c Eleven har vore elev ved Sygna, men er over 22 år ved inntak til nytt skuleår.
- d Eleven etter vurdering i inntaksnemnda vil setja/set spesielt store krav til medelevar og tilsette.
- e Eleven har vist manglande evne eller vilje til å betale uteståande gjeld til Sygna vgs AS.
- f Eleven har høgt fråvær frå skulen.
Meir enn 20 dagar fråvær (gjeld ikkje fråvær som skuldast sjukdom, arbeid som tillitsvald, politisk arbeid, hjelpearbeid, lovpålagde oppmøte og fråvær av helse- eller velferdsgrunnar) fram til 1. april kan føre til at ein søkjar (eksterne og interne søkjarar) ikkje vert teken inn i internatet påfølgjande årstrinn Vg2 og/eller Vg3.

4. Klageinstans

Evt. klage skal sendast skulen ved rektor. Skulen handsamar saka og gjer om vedtaket eller sender saka vidare til styret for skulen som er klageinstans.

Vedteke i styret for Sygna vidaregåande skule 10.02.2018